



Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
BERGEN

Garnes, 25. april 2016.

Viser til brev fra Opplæringsavdelinga, side 3, 6 avsnitt.

Arkivnr: 2016/3735-20.

Saksbehandlar: Nils Skavhellen.

Justering av tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017.

På brevets side 3, 6. avsnitt blir Garnes vidaregåande skule omtala som ein populistisk skule som med kortsiktige løysingar ønskjer å trekkje til seg fleire søkjarar. Dette er ikkje skulen sin motivasjon for å tilby programfaget **TOPPIDRETT m/E-sport**.

Garnes vidaregåande skule har som mål å vere den beste skulen for sine elevar. Skulen har, etter at skolebruksplanen for 2012 - 2025 ble offentleggjort, arbeidd målretta og kontinuerleg for å oppfylle kriteri i skulebruksplanen med å oppfylle 4 parallelle klasser på studieførebuande programområde.

For å hindre fråfall og auke fullføring blant elevane deltek skulen i prosjektet «Innenfor skolen», eit samarbeid mellom HFK, Bergen kommune og Helsedirektoratet. Vi er i tillegg akkurat komen med i prosjektet «Drømmeskolen», som i Bergen er leia av Hemilsenteret ved UiB, og «Nærværsteam» som er eit samarbeid mellom fire fylkeskommunar, UiB og Nordlandsforskning ved UiN. Vi voner dette blir positivt oppfatta på Opplæringsavdelinga, og at skulen framstår som ein læringsarena som satsar på samanhengen mellom elevane si helse, trivsel, tryggleik og gjennomføring.

Eg blei tilsett som rektor av Opplæringsdirektør Svein-Erik Fjeld. Han spurte kva verkty eg trong for å bli ein god rektor. Eg svara: HANDLINGSRØM, og så la eg til «dersom du ønsker en rektor der den viktigste drivkraften er **å ha ryggen fri**, må du ikke velge meg!»

Drivkrafta mi som rektor har vore og er å sjå framover, - meir enn å sjå meg attende. Vi kan lære av fortida, men det er framtida som er i endring og som vi kan vere med å påverke. Eg har vore oppteken av å følgje med i samfunnsutviklinga, i von om å gjere det beste for skulen eg leiar.

På Garnes vgs spør vi oss; Kva er den beste læringsarena for elevane? Kva skal til for å gjøre elevane best rusta til læringsarbeidet? Og heile tida freistar vi å følgje med på kva nye fag som «**er i tida**».



Det er mykje forskning som viser at dersom ein er i god fysisk form vil ein også være i stand til å yte betre i alle dagens gjeremål. I det 5-timars programfaget TOPPIDRETT m/E-sport er det 2 timar/veke med fysisk basistrening.

Det er dei forskingsrelaterte positive data frå faget E-sport som gjer at Garnes vidaregåande skule sette fokus på dette faget. Ein annan positiv verknad er at deltaking motverkar fråfall i skulen.

Kognitiv forskning innan E-sport visar at deltakarane utviklar mange positive eigenskaper. Vi vil her nemne:

- ✚ **Rask reaksjonsevne**
- ✚ **Beslutningstaking**
- ✚ **Persepsjon**
- ✚ **Informasjonsprosessering**
- ✚ **Samarbeid**
- ✚ **Kommunikasjon i samarbeid**

Garnes vidaregåande skule har vore i Stockholm og vitja Arlandagymnasiet saman med representantar frå eit gymnas i Helsinki i Finland. Arlandagymnasiet har E-sport som fagtilbod. Alle på samlinga var samde om at dette er eit fag for framtida. I våre naboland var den offentlege leiinga svært nøgd med at faget vart sett på agendaen nettopp i deira skuleregion. I førre veke, torsdag 21. april, tok vi på skulen i mot ein delegasjon frå Tyskland. Dei ville høyre kva og korleis vi tenkte om faget **TOPPIDRETT m/E-sport**.

I same avsnitt på side 3 i saksframlegget står det: «**Dette vil vere noko heilt nytt i Hordaland,**» Blir «**noko heilt nytt i Hordaland**» sett på som negativt?

Nettopp fordi det er nytt i Hordaland og nytt i Noreg meiner Garnes vgs at tilbodet bør få den merksemda som det fortener.

Garnes vidaregåande skule sin spådom er at det vil vere eit tidsspørsmål om kva tid faget TOPPIDRETT m/E-sport vil bli attraktivt og eit viktig tilskot i fagkrinsen i vidaregåande skule og i det høgare utdanningssystemet. Vi på Garnes vidaregåande skule meiner det er ei stor føremon å vere først ute med tilbodet.

Leiinga ved Garnes vidaregåande skule ser på seg sjølv som offensiv. Vi er pådrivarar for utviklinga av skulen. Vi gjer prioriteringar og set oss høge mål.

Venleg helsing

Aud Åsne Kvamme
rektor